

## Pressemelding Tynset Kommune 21/8

Kommunen ønsker igjen å gå ut med litt informasjon til innbyggere om situasjonen med Koronavirus. Vi er no ei veke inn i nytt skuleår, og oppstart av undervisning meldes å ha gått fint. Det er framleis ingen smittetilfeller i kommunen og regionen. Det er grunn til stor honnør til alle innbyggere som vi veit har vore svært flinke over lang tid med å følgje smittevernråda.

Det har i nokon veker vore ei aukning i antal meldte tilfeller smitta av koronavirus i Norge. I hovudsak er dette personar som blir smitta i kjente klynger eller rundt desse og kurven på nye tilfeller flater heldigvis av. Det er ei slags balanse i situasjonen, men den er samtidig svært skjør. I andre land som har vore i same situasjon som Norge har smitteforekomsten auka frå det same utgangspunktet som vi har no.

Kommunen vurderer det slik at lokale utbrudd med enten smitta enkeltpersoner eller klynger i løpet av hausten er sannsynlig, og retter beredskapen inn mot å stoppe desse så fort dei oppstår. Sentralt i strategien er at vi forsøker å teste alle som kan være smitta for å opprettholde kontroll. Dette er svært viktig, så lenge vi får testa dei som tar kontakt, og veit at det kun er negative svar har vi ein god indikasjon på at det er liten smittefare lokalt og at risikoen for utbrudd heile tida blir så låg som mulig. Dette vil gi oss muligheter til å oppretthalde så normalt liv og aktivitet som mulig framover.

Som før ønsker vi derfor at alle med nyoppståtte luftvegsinfeksjoner, eller grunn til mistanke om at dei kan være smitta, tar kontakt med oss telefonisk (legekontoret) for avtale test. I tillegg til dette er det svært viktig at vi også hugsar dei no godt kjente smittevernråda: -Være heime om du er sjuk, meteren og reine hender. Dette vil redusere risikoen for smitte og når vi får smittetilfeller i regionen vil dette være med på å begrense eit utbrudd slik at det vil bli lettare å få kontroll.

Det er ingen tvil om at tynsetingar er flinke til å følge smittevernråda. Vi veit frå kontakt med andre smittesporingsteam at personar som har vore smittsomme med koronavirus, har vore i kommunen, også som nærkontakt til innbyggere uten at smittesituasjon har skjedd. Det er vi svært glade for!

Det er ein del arrangement og sammenkomstar i kommunen framover (bl. anna utsatte konfirmasjonar). Vi har som eit hovedmål at dette kan skje som planlagt innanfor rammene som er satt av myndighetene, men vurderer også smittefaren ved enkelte store arrangement for å hjelpe arrangøren slik at dette skal bli så risikofritt som mulig.

Vaksine. Som ein les av mange media er det eit godt håp om at vi i løpet av fyrste halvdel av 2021 vil kunne starte vaksiner i Norge. Pr i dag er 8 vaksiner i siste fase av utprøving, og det er grunn til håp om at fleire av desse kan bli godkjente. Med hjelp av det vi veit pr i dag om effekten smitteverntiltak er det stor grunn til å håpe at dei aller fleste som vil trenge vaksinen vil kunne nå fram til tidspunktet den er tilgjengelig, men vi har alle ein viktig jobb vi må gjere for at dette skal skje.

Med venleg helsing

Tynset kommune v/kommuneoverlege Tor H Bjørnstad-Tuveng